

Vik Musikkklag

50 år



1933 — 1983

Sats og montasje:
Ingvald Husabø Prenteverk, 5842 Leikanger.

Forord

Me har her prøva å gje ein historikk over Vik Musikklag sine fyrste 50 år.

Me har diverre ikkje hatt noko møtebok frå den fyrste perioden, så «stoffet» er kome fram gjennom samtalar med eldre medlemmar av laget. På denne bakgrunn må me be om at de ikkje er for kritisk til innhaldet og stil.

Me vil få takka Kulturstyret for velvilje og økonomisk stønad, og kultursekretær Kari Helene Rosenlund for alt arbeidet ho har gjort for oss.

Vidare vil me få takka alle som har hjelpt oss — ikkje minst dei som har lånt ut bileter for bruk i heftet.

Vik i Sogn, den 5. oktober 1983

I REDAKSJONSNEMNDI

**Johan Andersen
Sture Tenold**

**Jon O. Fjærstad
John Vange**

Historikk

Historien om musikken går 50 år tilbake i tida. I november 1933 starta ein opp Vik Musikklag. Det hadde vore militärmusikk i Vik sidan 1893.

Det var tidlegare militärmusikarar som tok initiativet til å stifte eit musikklag i bygda. Eldsjelene var Anders Vikøren (Britten), Samuel Vikøren, Olav J. Fjærstad, Anders A. Sæbø, Ingebrigt Gullteig, Helge Følid og Guttorm Tistel. Dei fekk med seg nokre nybyrjarar, Ivar og Johan Andersen, Olav Thune, Ove og Ingvald Moheim, Ingolf Tistel og John Halryndo. Ein av grunnane til at dei no starta musikklaget var at dei kunne nytta dei gamle militärmusikarane som spelarar og ikkje minst som instruktørar.

Ingebrigt Gullteig vart dirigenten, medan Olav Thune tok på seg formannsvervet. To eldsjeler som var med å starta opp laget, men som ikkje spelte, var O. P. Fosse og Einar Holstad.


Dei fyrste medlemane i Vik Musikklag 1933



*Regimentshornblåser
Guttorm Sjursen Tisten*



*Regimentshornblåser
Anders Ivarsen Vikøren*



*Hornblåserkorporal
Samuel Ivarsen Vikøren*



Hornblåserkorporal
Ingebrigt Gullteig



Hornblåserkorporal
Helje L. Føli



Skomakerfurer
Anders Andersen Sæbø



Hornblåserkorporal
Olav J. Fjærstad



Olav Thune



Ivar Andersen



Ingolf Tistel



Johan Andersen

Ikkje med på bileta:
Ove og Ingvald Moheim
og John Halryndo

Det varde ikkje lenge før laget drog på den fyrste stemna si. I 1934 deltok dei på musikkstemna i Høyanger, og på stemne reiste dei nesten kvar sumar framover.

- 1935: Luster
- 1936: Aurland
- 1939: Vik
- 1945: Lærdal
- 1947: Sogndal
- 1948: Høyanger
- 1948: Landsstemne i Bergen
- 1949: Årdal
- 1950: Flåm
- 1951: Vik
- 1952: Leikanger
- 1963: Balestrand

I desse åra stod Vik Musikklag som arrangør for ein del arrangement, m.a. Olsokmoro på Moane. Mange historiar finst om desse arrangementa. Ein gong vart ein båt dregen frå Øyri og opp på plassen. Oppi båten sat ein felespelar og musikklaget marsjerte framføre. På plassen sagde dei båten over og tende på.

Ei anna olsokafta vart det sendt telegram til sjølvaste Kongen. Inn-

Fridtjovparken juni -43



haldet var som fylgjer: «Mange hundre vikingar samlast på Moahaugen i kveld for å feira olsok. Sender Kongen våre hjartelegaste helsing».

Då krigen braut ut vart alt lagsarbeide forbode, men Vik Musikklag dreiv på i løynd so langt dei kunne. I juni 1943 laga dei jamvel til ei samling i Fridtjovparken på Vangsnæs. Der kom Balestrand Musikklag på vitjing og mange menneske møtte fram.

Då freden kom 8. mai 1945 var laget på plass og spelte om kvelden. Dei var eit naturleg midtpunkt i fridomsfeiringa.



Frigjeringsdagen.

Ein starta drifta att for fullt då krigen slutta, med John A. Tryti som dirigent. Han var med fram til 1953. Frå denne tid kom laget meir eller mindre ut av drift og aktiviteten var låg framover mot 70-talet. Men dei spelte alltid på 17. mai til glede for vikjene.

Hausten 1971 tok Olav J. Fjærstad initiativet til å starta laget opp att. John Kvamme vart dirigent og Jon O. Fjærstad formann i det nye styret. Kommunen vart ei god hjelp for dei i denne tida, då dei hadde store økonomiske lyft og ta.

I 1976 reiste Vik Musikklag på stemne att, og stemnepllassen var Årdalstangen, og allereie året etter var laget budde på å ta på seg arrangementet av stemne i Vik. Dette vart eit fint arrangement som hausta mange lovord.

I 1979 fekk laget kommunalt løna dirigent.

I 1981 tok musikklaget ein langtur til Romsdalsstemnet på Åndalsnes.

I dei seinare åra har Vik Musikklag hatt marknader kvart år, og i dei to siste åra har dei prøvd å gå nye vegar i måten å arrangera marknad på. I 1982 laga dei til ei varemesse der forretningsstanden i Vik stilte ut sine varer. I 1983 gjorde dei seg nytte av lokale kunstnarar og hadde utloddning av husflidsvarer laga i Vik.

Aktiviteten har gått opp og ned i Vik Musikklag, men jubilanten er i full drift i sitt 50. år. Lat oss vone på fortsatt framgang for Musikklaget. ■



Vik Musikklag 1948.

Bakerste rekke frå venstre: *Kåre Vange, Torleif Svendsen, Jens Følid, Arne Sandvoll, Magne Vikøren, Harald Lilleøren, Åge Helleland, Olav Heimdal Hove, Johan Andersen og Ingvald Moheim.*

Sitjande frå Venstre: *Alf Sæbø, Odd Vikøren, Ingolf Tistel, dirigenten Mons Oppedal, John Holen, Arne Holen og Leif Sandvoll.*
Ved Flagga: Skjolddal og Thune.

Økonomien

Det er store endringar som har gått føre seg når det gjeld pengeforsbruket til musikklaget på desse 50 åra. Dei store utgiftene som eit slikt lag har er for det meste til instrument, uniformar og stemner. Dersom ein på dette området samanliknar priser og avgifter, so har prisstigninga vore stor, sjølv om vi tek omsyn til inflasjon o.s.v.

Kassadagboka vart opna 9. desember 1933 der medlemskontingennten var kr 7,-. Det vil seia kr 0,50 for kvart medlem. Første utleggat laget hadde var 10. desember 1933 då dei kjøpte kassadagbok til kr. 1,30.

I 1934 starta laget opp for fullt og dei hadde sin første marknad som gav kr. 505,21 i kassen. Det var ein stor sum i dei dagar.

Likeeins synte Vik Sparebank stor interesse for laget. Litt seinare på året gav dei ei gave — stor kr. 500,- — til drifta. Einar Holstad hadde nok ein finger med i spelet der. Han var ei av eldsjelene bak oppstarta av laget samstundes som han var styreformann i banken.

Musikklaget trengde utan tvil desse pengane. Det var mykje dei måtte kjøpe inn — ikkje minst instrument. I februar -34 kjøpte dei instrument for kr. 287,45. Seinare same år gjorde dei nok ein handel med Musikk-Magasinet i Bergen.

I 1934 var laget på si fyrste stemne i Høyanger, men vi kan ikkje finne at musikklaget hadde utgifter ved det. Ein av grunnane til dette kan vera at laget hadde med seg andre frå Vik på stemne og dei betalte reisa. Dersom dette dekka utgiftene slapp musikkarane å betala noko.

Men til Lusterstemna i 1935 måtte laget ut med kr. 185,50. Dette gjekk sanssynlegvis til reisa (båt og lastebil). I 1936 vart det betalt kr. 16,- for «værelse for 16 mand i Aurland». 1 krone «manden» er ikkje mykje.

På inntektssida ser vi at musikklaget har vore aktiv med å arrangera festar og marknader.

I det heile har pengane gått fort inn og ut i Vik Musikklag og frå dei starta oppatt i 1971 har ein skifta full besetning med instrument og uniformar. Utgiftene til stemner har auka og ikkje minst er instrumenta svært dyre.

Intervju med ein jubilant



Johan Andersen var ein av dei 6–7 ungdommene som starta opp Vik Musikklag i 1933. Han spelte alt-horn i byrjinga, so gjekk han over på tenor og til slutt bass, som han framleis spelar.

Andersen har mange gode minner frå tida si i musikklaget og han fortel gjerne. Alle historiane som han har på lager, meiner han ikkje bør prentast. Men han fortel gjerne om den gongen dei reiste på stemne til Luster i 1935. Dei skulle ta båt til Sogndal og bil vidare inn fjorden. Det gjekk ikkje heilt etter planen. Båten fekk maskinskade i Fardal og dei måtte få tak i båt frå Sogndal. Denne kom langt om lenge og ferda før inn til Sogndal. Der stod ein open lastebil å venta på

musikarane frå Vik. Framturen gjekk til slutt bra, men det kom til komplikasjonar på heimturen. Vikjamusikantane skulle nemleg ha fylgje av Frelsesarmeens på båtturen attende til Vik. Ein kan tenkja seg kva tilstand stemnedeltakarane var i, resultatet vart i allefall at Vik Musikklag måtte få tak i ein ekstrabåt.

Det var forresten meir høgtidleg å reisa på musikkstemner før, seier Andersen. Eg hugsar vi reiste med båten «Stavenes» til stemna i Høyanger. Båten starta inne i fjorden der musikklaget i Aurland, Sogndal, Leikanger og Balestrand kom på etterkvart. På kvar plass ein var innom spela ein. Ja, det var festlegare den gong då ein reiste i lag. No reiser vi med privatbilar og tek ikkje ein tone før vi er komne på stemna. Det hadde nok vore kjekkare og reist med buss no óg.

Øvingane. Korleis gjekk det med dei før?

Jau, det var andre tider det. Vi øvde i ungdomshuset og der måtte vi ha med oss ved sjølve og fyra opp. Ja, vi var nok av og til borte i kommunehuset og «henta» ved óg. Det var oftast so kaldt i huset at vi måtte spela litt, springa ned frå scenen og varma hendene og oppatt for å spela litt til.

No kjem vi til oppvarma klasserom.

Før kunne det forresten hende at vi brukte søndagen til å reisa opp på Tistel for å øva. Det var langt for dei å reisa ned på øyri kvar gong. Vi hadde då dagen der oppe og so marsjerte vi nedatt.

Korleis er det med spelejobbar?

Det var mykje meir av det før. Det var ikkje ei tilstelling i Vik utan at vi spelte. Det var i ungdomslaget, idrettslaget, ved bankmøte og vi var alltid der. No er det mindre. Ungdoms- og idrettslaget nyttar oss enno, elles er det eigne arrangement + dei faste dagane som 1. og 17. mai.

Johan Andersen fortel vidare at det eingong etter krigen vart avgjort at ein skulle ha kr. 50,- for kvar gong dei spelte. Desse pengane skulle nyttast til noteinnkjøp. Det vart store reaksjonar på dette. Nokre betalte, men dei likte det ikkje.

So etterkvart kom kommunen inn med tilskot. Det starta med kr. 250,- og det har stendig auka. Kommunen har synt stor velvilje.

Andersen meiner at folk hadde betre tid før. Det var lettare å drive eit lag avdi folk kunne avsjå meir tid til å bruka på laget.

Det er fint at alle aldrar kan møtast i Musikklaget. Det er triveleg å vera med i Vik Musikklag og spesielt når vi har dirigent. Verre var det dei gongene vi ikkje hadde det.

Denne prologen er skriven til jubileumsfesten av Hans Hønsi.

Vik Musikklag 50 år

1. *Eit musikklag i bygdi vår vart starta.
Det var i året nitten tretti tre
Dei fekk ein bygde – arv så ven å vakta,
og oss i Vikjabygdi gleda gje.*

2. *Eit attersyn i kveld me tek i soga.
Me minnest dei som alle slokna er.
I minnet vårt, med glans og glo dei bogar.
Me eldre minnest fridomsdagen her.*

3. *I militær – musikken våre gutar,
dei spela her på mang ein høgtidsdag.
No kvilar dei på våre kyrkle-gardar.
Me minnest dei i kveld i festleg lag.*

4. *Dei gamle spela opp dei gode marsjer,
av «Susa», «Teike» her så mang ein gong.
Med Noregs fridom, de dei framatt manar,
med folketog, musikk og barne-song.*

5. *Frå heimsens opphav byrja fyrste timen.
Musikken skaptest og i denne tid.
Vår heimsens – jul i denne tider – stimen.
Frå kunnskaps-treet kom ein tone blid.*

6. *Musikken liver opp som morgon klåren.
Me trylla vert, me stig mot høge sky.
Ja, musikk er som vårflaumen om våren.
Det minner om det store skapnings-gry.*

7. *Det første våre barneauge tinde.
Det var musikk kvar dag vårt livsens ljós.
Det var som me mot sjølve himlen stimde.
Musikk det er på livsens veg vår los.*



17. mai før krigen.

8. «*Den fyrste song*, me minnest tun og stova.
Musikken tonar blidt frå dal til strand.
Musikken er for oss ei himmelsk gåva.
Det er som varmen frå ei kjærleg hand.
9. *Ei skatte-kista for oss skal det heite.*
De fekk ein arv frå fedrene i Vik,
De frå dei gamle fekk så godt eit beite,
og de har vyrdsla arven, gjort han rik.
10. *Musikken her i Vik har rike brunnar.*
Ein minneven så ven, det er som draum.
De her i kveld, på same tuftegrunnar.
De spelar opp, for oss ein evig straum.

11. *I kveld det går ein takk frå Vik kommune,
frå vikjer, vangneser og fjordingar.
For gamle fedrearven har de brúnne,
og difor rosar me dykk ein og kvar.*

12. *Musikk i bygdene er livsens gleda.
Ein takk til dykk som drar arven vår.
Av kunnskaps-treet låt de oss få smaka,
ein toneflaum som til vårt hjarta går.*

13. *I gleda skal me no få saman vera,
på denne fest som musikklaget held.
Ja, jubileums-barnet skal me æra,
som rundar heile femti år i kveld.*

14. *På jubileumsfesten me dykk helsar.
I Vik de skrive har eit æres-blad.
Eit «hipp hurra» for alle dykk som spelar.
Eit «hipp hurra» til dykk vårt hyllings-kvad.*

Formenn i Vik Musikklag

Olav Thune
Ingvald Moheim (fleire periodar)
Ivar Andersen
Torleif Svendsen
Harald Lilløren
Arne Sandvoll
Jon O. Fjærstad
Olav Fjærstad Tveit
Sture Tenold
Olav Turvoll

Dirigentar i Vik Musikklag

Ingebrigt Gullteig
Ivar Andersen
Mons Oppedal
Jon A. Tryti
John Kvamme
Knut Djupdal
Bjørn Raknes
Ivar Andresen
Ragnar Alrek
Jan Roger Haugen

Medlemmar i Vik Musikklag som har fått 35-årsmedaljen

Johan Andersen
Leif Sandvoll
John Vange
Sverre Fjærstad
Jon Fjærstad
Ingolf Fjærstad
John Kvamme

Styret i Vik Musikklag i jubileumsåret

Olav Turvoll — formann

Agnar Grov — varaformann

Morten Midlang — kasserar

Olav J. Fjærstad — sekretær

Inge Fridell

Musikkstemne:

1934: Høyanger

1935: Luster

1936: Aurland

1939: Vik

1945: Lærdal

1946: Balestrand

1947: Sogndal

1948: Høyanger

1948: Landsstemne i Bergen

1949: Årdal

1950: Flåm

1951: Vik

1952: Leikanger

1963: Balestrand

1976: Årdalstangen

1977: Vik

1978: Sogndal

1980: Sogndal

1981: Andalsnes, Romsdalsstemnet

1982: Leikanger

1983: Sogndal

Framsidebilete: *Oversiktsbilete frå Vik.*
Baksidebilete: *Vik Musikklag 1980.*

